Sande kommune

Vår referanse: 26/3597 26/11999
Saksbehandlar: Inga Dalen Slettestøl
Dato: 03.11.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
30/26	Ungdomsrådet	09.11.2026
39/26	Rådet for eldre og personar med funksjonsvariasjonar	10.11.2026
49/26	Levekårsutvalet	10.11.2026
40/26	Næring, teknisk og miljøutvalet	11.11.2026
08/26	Administrasjonsutval	17.11.2026
140/26	Formannskapet	17.11.2026
	Kommunestyret	

Budsjett 2027, Økonomiplan 2027-2030

Bakgrunn for saka:
Kommunelova legg føringar for korleis kommunen skal utarbeide årsbudsjett og økonomiplan. Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vere realistiske, fullstendige, oversiktlege og sett opp i balanse. Økonomiplanen skal omfatte heile kommunen si verksemd og vise utviklinga i økonomien over ein fireårsperiode. Både økonomiplanen og årsbudsjettet skal delast inn i ein driftsdel og ein investeringsdel, og årsbudsjettet skal stillast opp etter same prinsipp som økonomiplanen.

Kommunedirektøren legg med dette fram forslag til budsjett for 2027 og økonomiplan for perioden 2027-2030. Sande kommune har framleis ein krevjande økonomisk situasjon med avgrensa handlingsrom. Samstundes aukar utgiftsbehovet som følgje av demografiske endringar, særleg innan helse- og omsorgstenestene, medan finansutgiftene ligg på eit høgt nivå gjennom planperioden. Det er derfor nødvendig å halde fram arbeidet med å tilpasse driftsnivået til kommunen sine inntekter og prioritere ressursbruken innanfor dei økonomiske rammene kommunen har til disposisjon.

For å lese budsjettframlegget i sin heilskap, vert det vist til den digitale publiseringa av budsjett- og økonomiplan 2027-2030: https://pub.framsikt.net/2027/sande/bm-2027-okonomiplan27-30

Næring, teknisk og miljøutvalet 11.11.2026

Behandling:

Sivilingeniør Helge Kleppe orienterte om budsjettframlegget for teknisk sektor.

NTM - 40/26 Vedtak
Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes teke til vitande.

Levekårsutvalet 10.11.2026

Behandling:

Økonomileiar, kommunalsjef for helse og omsorg og kommunalsjef for oppvekst og kultur orienterte om saka, og svara på spørsmål som kom fram i debatten.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes teke til vitande.

LEVE - 49/26 Vedtak
Saksframlegget vart teke til vitande.

Rådet for eldre og personar med funksjonsvariasjonar 10.11.2026

Behandling:

Økonomileiar, kommunalsjef for helse og omsorg og kommunalsjef for oppvekst og kultur orienterte om budsjettframlegget frå administrasjonen. Dei svara også på spørsmål som kom fram under debatten.

FEL - 39/26 Vedtak
Rådet tilrår:
Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes teke til vitande.
Rådet oppmodar kommunestyret om å sette investeringane til eit minimum, samt at det vert flytta investeringsmidlar frå bygging av ny brannstasjon til investering i skulesektoren.

Rådet ber om at avgiftsauken i Sande kommune samla sett bør vere minst mogleg for innbyggjarane.

Ungdomsrådet 09.11.2026

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart tilrådd, med dei endringane som kjem fram i vedtaket til Ungdomsrådet.

UNG - 30/26 Vedtak
Ungdomsrådet har følgjande innspel til kommunedirektøren si tilråding:

- Sande ungdomsråd uttrykker stor bekymring rundt spareforslag om å legge ned Kvamsøy skule frå hausten 2028.
- Ungdomsrådet rår til at det må vurderast ei rimelegare løysing for brannstasjon i Sande kommune.
- Ungdomsrådet rår til at eigedomsskatten står som i dag og ikkje vert auka.

Kommunedirektøren si tilråding:
1. Kommunedirektøren sitt framlegg til årsbudsjett 2027 og økonomiplan 2027 - 2030 vert vedteke i samsvar med dei løyvingane, rammene og føresetnadane som går fram av budsjettvedtaket og tilhøyrande tabellar.

2. Kommunedirektøren sitt framlegg til «Investeringsbudsjett 2027-2030» vert vedteke slik det går fram av "Investeringar i økonomiplanen". Sande kommunestyre godkjenner eit samla låneopptak på inntil 40 mill. kroner.

3. Framlegg til gebyr- og betalingsregulativ for 2027 vert vedteke slik det går fram av "Gebyrliste".

4. Sande kommunestyre vedtek følgjande forslag til finansielle måltall for økonomiplanperioden 2027-2030:

- Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter bør vere minimum 1,75 %
- Disposisjonsfondet skal i løpet av planperioden ligge på 4 % av brutto driftsinntekter

5. Ordninga med lokalt redusert formuesskatt blir fjerna frå 2027.

6. Med heimel i eigedomsskattelova (esktl.) §§ 2 og 3 vert det gjort følgjande vedtak for utskrivinga av eigedomsskatt i Sande kommune for 2027:

1. Sande kommune skal skrive ut eigedomsskatt på all fast eigedom i heile kommunen jf. esktl. §2 og §3 bokstav a) faste eigedomar i heile kommunen.
2. Sande kommune nyttar bustadverdiar (formuesgrunnlag utarbeidd av Skatteetaten) som metode ved taksering av bustadeigedomar. Andre eigedomar er verdsett ved taksering etter eigedomsskattelova § 8 A-2.
3. Skattesats for 2027 vert sett til 2,0 promille jf. esktl. § 11 og 13.
4. Med heimel i eigedomsskattelova § 7a og b vert eigedomar vist til under kapittel om eigedomsskatt fritekne frå eigedomsskatt.
5. Med heimel i eigedomsskattelova § 7c vert nyoppførte bustadar fritekne frå eigedomsskatt i 2 år (rekna frå midlertidig brukstillatelse eller ferdigmelding er utskreve)
6. Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar.

Saksopplysningar:
Kommunedirektøren legg fram sitt forslag til budsjett for 2027 og økonomiplan for perioden 2027–2030.

Regjeringa la fram statsbudsjettet for 2027 den 7. oktober 2026. Veksten i dei frie inntektene for kommunesektoren er berekna til 4,9 prosent på landsbasis, medan veksten for Sande kommune er berekna til 4,3 prosent. Samstundes er kommunal deflator berekna til 3,8 prosent, inkludert løns-, pris- og pensjonsvekst.

I budsjettarbeidet er det nytta KS sin prognosemodell for skatt og rammetilskot, supplert med lokale vurderingar av forventa skatteinngang. Det er lagt til grunn frie inntekter på om lag 251,9 mill. kroner i 2027. Av dette utgjer rammetilskot og netto inntektsutjamning 132,9 mill. kroner, medan inntekts- og formuesskatt er budsjettert til 119,0 mill. kroner. Kommunen er gjennom inntektssystemet vurdert til å ha eit utgiftsbehov som ligg om lag 19 prosent over landsgjennomsnittet. Dette gir eit tillegg gjennom utgiftsutjamninga på om lag 38,5 mill. kroner i 2027.

Analyser av befolkningsutviklinga viser at utgiftsbehovet innan helse- og omsorgstenestene vil auke i planperioden som følgje av fleire eldre innbyggjarar. Samstundes er det berekna redusert utgiftsbehov innan barnehage og grunnskule. Utviklinga inneber at ressursbehovet gradvis vil forskyve seg frå oppvekstsektoren til helse- og omsorgssektoren.

Kommunedirektøren legg elles til grunn at ordninga med lokalt redusert formuesskatt vert avvikla frå og med 2027. Evalueringa av ordninga viser at den samla inntektseffekten for kommunen har vore negativ. Avvikling av ordninga er lagt inn med ein årleg positiv effekt på 1,5 mill. kroner gjennom auka inntektsutjamning i planperioden.

Sande kommunestyre innførte eigedomsskatt frå 2026 med ein skattesats på 1 promille. I økonomiplanen er det lagt til grunn ei gradvis opptrapping med 1 promille årleg. For 2027 er eigedomsskatten budsjettert til 5,1 mill. kroner. Eventuelle endringar i skattesatsen må vedtakast av kommunestyret gjennom dei årlege budsjettvedtaka.

Budsjettbalansen er mellom anna basert på avvikling av ordninga med lokalt redusert formuesskatt og vidare opptrapping av eigedomsskatten i perioden. Dersom desse føresetnadane vert endra, må det vurderast alternative tiltak for å oppretthalde økonomisk balanse.

Netto finansutgifter er budsjetterte til 32,3 mill. kroner i 2027 og ligg på mellom 30 og 32 mill. kroner gjennom planperioden. Renter og avdrag bind dermed opp ein betydeleg del av kommunen sitt økonomiske handlingsrom.

Kommunen har eit akkumulert meirforbruk frå tidlegare år på 42,1 mill. kroner. I budsjettforslaget er det lagt opp til at meirforbruket skal dekkjast inn i planperioden i samsvar med kommunelova sine krav.

Investeringsnivået i planperioden er i hovudsak knytt til etablering av ny brannstasjon på Larsnes, oppfølging av vedteken oppvekststruktur og nødvendige investeringar innan vatn og avløp. Kommunedirektøren har prioritert investeringar som er nødvendige for å oppfylle lovpålagde krav, sikre forsvarleg drift og gjennomføre vedtekne strukturelle endringar. Prosjekta er fasa over fleire år for å avgrense låneopptaket og redusere belastninga på kommunen sin økonomi.

Dei samla investeringsutgiftene i 2027 er budsjetterte til 48,9 mill. kroner. Av dette utgjer investeringar i varige driftsmidlar 48,0 mill. kroner, medan 0,9 mill. kroner gjeld eigenkapitaltilskot i KLP. I tillegg er det lagt opp til 4 mill. kroner årleg i vidareutlån gjennom

startlånsordninga i planperioden. Investeringane er finansierte gjennom meirverdiavgiftskompensasjon, bruk av investeringsfond, unytta lånemidlar og låneopptak. Per 30.09.2026 har Sande kommune ei samla lånegjeld på om lag 390,5 mill. kroner. I budsjettforslaget vert det lagt opp til eit samla låneopptak på inntil 40 mill. kroner i 2027. Gjeldsnivået medfører betydelege rente- og avdragsutgifter og reduserer kommunen sitt økonomiske handlingsrom.

Sande kommune er framleis registrert i ROBEK-registeret som følgje av akkumulert meirforbruk frå tidlegare år. Registreringa inneber at kommunen sitt årsbudsjett, økonomiplan og låneopptak er underlagde statleg kontroll og godkjenning. Kommunedirektøren har derfor lagt stor vekt på å utarbeide eit budsjettforslag som sikrar økonomisk balanse og legg til rette for inndekking av tidlegare meirforbruk i planperioden.

Vurdering og konklusjon:
Kommunedirektøren vurderer at budsjettforslaget for 2027 og økonomiplanen for 2027-2030 gir eit forsvarleg grunnlag for vidare drift og utvikling av kommunen innanfor dei økonomiske rammene kommunen har til disposisjon. Det er lagt opp til å dekkje inn kommunen sitt akkumulerte meirforbruk på 42,1 mill. kroner i planperioden, noko som er ein viktig føresetnad for å styrkje kommunen sin økonomi framover.

Samstundes står kommunen framleis overfor betydelege økonomiske utfordringar. Auka utgiftsbehov som følgje av demografiske endringar, kombinert med høge finansutgifter og avgrensa vekst i inntektene, reduserer kommunen sitt økonomiske handlingsrom i planperioden. Dette krev tydelege prioriteringar og god økonomistyring i alle delar av organisasjonen.

Kommunedirektøren legg til grunn at kommunen må halde fram arbeidet med effektiv drift, omstilling og prioritering av ressursane for å kunne møte framtidige utfordringar og samstundes oppretthalde eit godt tenestetilbod til innbyggjarane. Det vil vere avgjerande å sikre balanse mellom inntekter og utgifter og å gjennomføre investeringar i eit omfang som er tilpassa kommunen si økonomiske bereevne.

Likestillingsmessige sider ved saka: Budsjettprioriteringar kan ha betyding for likestillingsmessige tiltak.

Konsekvensar for folkehelsa: Budsjettprioriteringar kan ha betyding for folkehelsetiltak.

Miljøkonsekvensar: Budsjettprioriteringar kan ha miljøkonsekvensar.

Økonomiske konsekvensar: Budsjettarbeidet syner at Sande kommune har ein krevjande økonomi, der det er naudsynt med innstrammingsgrep.

Beredskapsmessige konsekvensar: Budsjettprioriteringar kan ha betyding for beredskap.

Konsekvensar for barn og unge: Budsjettprioriteringar kan ha betyding for barn og unge.

Utskrift vert sendt til:

Statsforvalteren i Møre og Romsdal

Renathe Rossi Aglen
kommunedirektør